# Likferdskikk i Valle

Ei kvinne går rundt i det bralaget der liket er, og bed alle husstydar som er i det bralaget. Heile Valle er inndelt i slike bravlag. Dagen før likferda kjem ein på kvar huslyd med söt mjølk som i saman vert koka til „gombe"

Skyld folk som vert bedne og bur utom bralaget, yster ein kvit-ost og tek med likferdsdagen.

I Valle er det 3-4 mann som i kvar si grend styrer med likferda og er føresongar.

Når folk har kome og sessa seg rundt bordi, vert maten boren inn. Så seier styraren. „Nå er maten innboren, og me vil beda Gud om hans velsigning." Bordverset frå Kingos salmebok vert sunge. „Giv oss og nu vårt daglige bröd." Nokre mann kjem så og skjenker koffe, og folk et av den gode maten, lefse, gombe, kvitost og mange slag kaker. Etter maten seier Styraren. Då me alle har ete vil me ikkje gløyma å takka Gud for maten Bordverset vert så sunge „Gud unde oss her at leve så." Alle seier högt „Takk for maten." Så ber 4 eller 6 mann av

15323
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

naraste skyldfolk kista inn i stova og sit på ein krakk, eit tjeld, eit ljos og ei bok vert lagd oppå kista.

Famelien samlar seg rundt kista, og styraren og dei andre syng or Landstads Salmebok nr 113. „Jeg beder dig min Herre Gud." Etter på les styraren or „De bedendes kjede." En bön om himmerik. Så vert sunge nr 416 „Min Sjæl og Ånd opmuntre dig." Alle salmane med gamle tonar.

Så talar presten, og etter han andre som vil ha ordet. Så kranse pålegging. Så kjem „Velfarskoppen." som er ein kopp koffi. Til slutt vert sunge nr 396 „O. Jesu går du da din vei."

Kista vert bori ut or stova, medan styraren går före og syng dei tvo siste vers av sist nemnde Salme. Hest og vogn står ferdig på tunet og kista vert sett på vogna og köyrd til kyrkjegårds=porten, medan likfylgje går etter. Kista vert så bori inn porten og til gravi medan kyrkeklokka ringer, og styraren går före og syng 629. „Bedre kan jeg ikke fare."

Så vert kista senka ned i gravi og styraren og presten syng 1 vers av nr 630. „Her mötes alle

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15323

veie." Presten forrettar, jord på-kasting og til slutt vert sunge siste vers av nr 630.

Likferds fylgje reiser så tilbake til heimen og vert traktera med mat att.

Det som her er beskriva er fast regel i alle likferder i Valle.

Eg har sunge dei her nemnde salmane og lese dette retualet for Norsk Rikskringkasting ved Rolf Myklebust, og på lydband for Liv Grimi.

VALLE, SETESDAL 25/4. 60

Norsk Etnologisk Gransking.
Norsk Folkemuseum
Bygdøy.

Etter oppmoding frå Pastor Raustöl. Sender eg dette brev.

Vyrdsamt.
Bjørgulv Kjelleberg.

15323

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING